

Berit (7) hoppa i det

- Klar! Berit Aarøen (7) frå Vetten IL er i farta. Skia trykker mot hoppkanten, ut i v-stil og med perfekt landing. - 5 meter!

Jørn-Arne Tomasgard

Publisert: 04. februar 2003, 06:00

Oppdatert: 03. februar 2003, 18:55

- Når eg står på toppen, tenkjer eg berre på kor langt eg skal hoppe, seier Berit Aarøen frå Blakset i Stryn kommune. Ho var ein av omkring 50 hopparar som deltok i Bjørkelibakken søndag.

- Eg er aldri redd, hevdar ho. Berit hoppa i den minste av dei sju bakkane i anlegget. K5.

Ho ser opp mot den største bakken. Den dei hoppa over 100 meter i.

- Eg trur eg skal hoppe der ein gong, seier ho modig. Jentene er i farta i hoppbakken, og kliner til saman med gutane.

Får det store kicket

Det er spenning i den friske lufta på Fjelli i Stryn. Ungar med pløsete hoppdressar, hjelm, briller og ville blikk får det store kicket her.

Nordfjorden er kulisse. Stolte foreldre har skyssa ungene sine opp til denne villskapan. Dei klappar over flotte hopp og perfekte nedslag.

Andre må trøyste der det har gått gale.

- Eg trenar to gongar i veka. Då er det hopp trening her. Broren min, Torgeir, hoppa også. Og det er mange andre i klassen min som er med, seier Berit Aarøen. Ho går på Nordsida skule.

Tøffingar frå Voss

Mamma Kirsti Aarøen er leiar i Vetten IL. Ho fortel at idrettslaget har kjøpt inn ein del utstyr, slik at alle kan låne før dei eventuelt bestemmer seg for å kjøpe sitt eige.

- Utstyret er dyrt. Nytt kostar det fort 10.000 kroner for ski, sko, bindingar,



TØFF JENTE: 7 år gamle Berit Aarøen trur ho skal våge å hoppe i 90 metersbakken når ho blir større. Men førebels er det tryggast å halde seg i den med kritisk punkt på 5 meter.

FOTO: ØYSTEIN TORHEIM

dress, hjelm og briller. Men det går an å kjøpe brukt. Då er det billegare, får vi vite av hopp-mamma Kirsti.

Litt bortanfor står nokre tøffe gutar frå Voss.

10 og 12 år er dei, og dei hoppar i større bakkar enn Berit Aarøen.

- Pappa, der fekk eg trøkk under skia! Ådne Skjervheim Gjerme (10) frå Bulken gløder av entusiasme.

- Ja, då er det berre å gå på, oppmuntrar pappa Dagfinn Gjerme.

Bystøl light

- Det vart vel 27-28 meter, seier ein meir mellomfornøgd Ådne etter det andre hoppet. Han har hoppa lenger før.

- Ein må ha bøy slik, seier han og viser stillinga på hoppet.

- Og så skal du spenne ifrå. Kjem ein bra ut over kanten, og får skia i v-stil, ja, då kan det gå langt, får vi vite.

Lars Bystøl er den store helten.

- Eg snakkar med han når han trenar i Bavalen, seier Ådne stolt.

16 hopparar frå Voss var i Bjørkelibakken i samband med Vestlandscup og storstilt opning i helga.

- I tillegg er to på norgescup og ein på verdscup, seier Dagfinn Gjerme nøgd. Norsk hoppспорт er i medgang, og det smittar over også lokalt. Team Vossahopp er nytt av året.

Ops! Der kjem ein liten knert gjennom lufta, går på trynet så stjerner og planetar dansar. Ei forskremd mor styrtar til og konstaterer letta at alt er i orden.

Det er hopprenn det også.